

Til Helse Møre og Romsdal
6026 Ålesund.

INNSPEL/KOMMENTAR TIL KONSEPTRAPPORT FOR SJUKEHUSET
NORDMØRE OG ROMSDAL.

Etter det eg kan sjå er ikkje konseptrapporten i tråd med sjukehusvedtaket og bestillinga frå helsedepartementet. Vedtaket og bestillinga til HMR var at det skulle byggjast nytt sjukehus for Nordmøre og Romsdal, SNR, på Hjelset og eit distriktsmedisinsk senter, DMS, i Kristiansundsområdet. I konseptrapporten har eg sett at det er beskrive som SNR Kristiansund. Det må etter det eg kan forstå vere imot vedtaket og bestillinga til HMR slik det vart bestemt i desember 2014. Eg ser også at det er kome inn eit alternativ om 2 dagkirurgiske postar i Kristiansund i tillegg til poliklinikk og dagbehandling.

Om det blir slik, vert det berre att 4 dagkirurgiske postar på sjukehuset på Hjelset. I tillegg såg eg for ei stund sidan at antal sengeplassar er redusert ein god del på Hjelset. Kanskje desse skal overførast til eit av dei andre sjukehusa i fylket?

Blir det att berre 4 kirurgiske postar på Hjelset, blir storleiken mellom dei to "sjukehusa" om lag som no, Kristiansund blir om lag halvparten så stort som Hjelset. I tillegg sit Kristiansund då att med SNR sentralt i byen og Molde får sjukehuset langt frå byen, og det er etter dei fleste si meining eit dårlegare alternativ enn å ha det bynært.

Moglegheita til å få eit sjukehus bynært Molde, på Eikrem, øydela Kristiansund/Nordmøre med god hjelp frå AP, og den gongen statsråd Anne-Grete Strøm- Erichsen (i 2012?) Dei fekk stoppa prosessen og med det sløste bort ca. 80 mill. kroner som var brukt på m.a. planlegging. Denne pengesløsinga høyrer vi ikkje mykje om. Men det ser ut til å løne seg å klage og vere "sutrete" og "aldri gi seg" som nordmøringane har uttalt, og slik dei viser med å ikkje godta ei avgjerd og ein dom. Det kan sjå ut som Molde sit att med "svarteper" og blir taparen i denne saka.

Reknar også med at det blir dyrare å ha 2 av dagkirurgpostane i Kristiansund og 4 på Hjelset, enn å samle alle på ein stad. På den måten blir det endå meir pengesløsing og mindre att til nyesjukehuset. Men det er vel nokon som gjerne vil at det skal bli slik. Ein del tyder på at Nordmøre/Kristiansund med hjelp frå Sunnmøre/Ålesund får det som dei vil og blir vinnaren i denne saka.

Ut i frå det eg har skrive ovanfor, blir min kokklusjon:

Eg går inn for alternativ 1 A. Reknar med det blir billegast, og skal sjukehuset bli bygt, må det sparast der ein kan.

Sjøholt, 12. oktober 2016.

Oddfrid Bell. *Oddfrid Bell.*